



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/26	Formannskapet	27.08.2026
	Kommunestyret	

Sakshandsamar: Trine Grøttebø	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 26/1013 - 1
--------------------------------------	---------------	-------------------------------------

Eigarskap Sogn Næring

Kort samandrag:

Sogn kommunale oppgåvefellesskap har vedteke rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn og støttar strategien om etablering av ein felles robust regional utviklingskapasitet i Sogn. Sogn Næring er i dag eigd av Sogndal kommune og Sogndal næringsforening, og desse legg no tilrette for nytt eigarskap i selskapet, der kommunane i Sogn eig 5% kvar og næringslivet i Sogn eig det resterande.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Lærdal kommune kjøper ein eigardel på 5 prosent i Sogn Næring, tilsvarende 50 aksjar à kr 1 000 til pålydande verdi, for ein samla kjøpesum på kr 50 000.
2. Kjøpesummen vert dekkja av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

27.08.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 066/26 Vedtak

1. Lærdal kommune kjøper ein eigardel på 5 prosent i Sogn Næring, tilsvarande 50 aksjar à kr 1 000 til pålydande verdi, for ein samla kjøpesum på kr 50 000.
2. Kjøpesummen vert dekkja av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Saksutgreiing

Sogn kommunale oppgåvefellesskap har vedteke rapporten Samordna utviklingskraft i Sogn og støttar strategien om etablering av ein felles robust regional utviklingskapasitet i Sogn. Sogn Næring er i dag eigd av Sogndal kommune og Sogndal næringsforening, og desse legg no tilrette for nytt eigarskap i selskapet, og tilbyr no kvar av kvar kommunane å kjøpe seg inn med ein eigardel på 5 %, tilsvarande 50 aksjar per kommune. Aksjane vert seld til kommunane til pålydande verdi, kr 1 000 per aksje, samla kjøpesum på kr 50 000 per kommune. Målet med den nye eigarstrukturen er å sikre breiare regional forankring og større eigarskap frå både kommunane og næringslivet i Sogn.

Sogn Næring er eit regionalt utviklingsselskap som arbeider for å skape vekst, utvikling og verdiskaping i Sogn. Selskapet koplar saman næringsliv, kommunar, academia, verkemiddelapparat og organisasjonar for å utvikle prosjekt, bedrifter og initiativ som styrkar regionen samla sett. Sogn Næring har i dag åtte tilsette og arbeider både med førstelinjetenester, prosjektutvikling, møteplassar og utviklingsprosjekt for næringslivet i heile Sogn.

Sogn Næring skal bidra til å bygge Sogn som ein sterkt og attraktivt bu- og arbeidsmarknad. Det inneber å styrke eksisterande arbeidsplassar, bidra til etablering av nye verksemdar og utvikle fleire framtidsretta arbeidsplassar i regionen. Vidare er strategien å bygge eit sterkare regionalt utviklingsmiljø med tettare kopling mellom næringsliv, kommunar og verkemiddelapparat. Justering av eigarskap er ein del av denne strategien, med mål om større privat involvering og sterkare regional forankring i næringslivet.

Eigarskapet skal også bidra til å styrke og vidareutvikle eksisterande utviklingsmiljø og organisasjonar i regionen, mellom anna gjennom tettare samarbeid og koordinering med aktørar som Årdal Utvikling, SITEP og andre lokale og regionale utviklingsmiljø.

Målet er ikkje å sentralisere utviklingsarbeidet, men å styrke den samla utviklingskapasiteten i regionen gjennom meir samarbeid, større fagmiljø og betre ressursutnytting på tvers av kommunegrenser og organisasjonar.

Sjølve transaksjonen vert gjennomført ved at kommunane kjøper aksjane direkte frå Sogn Næring AS. Kjøpet vert organisert og gjennomført av styreleiar og dagleg leiar i Sogn Næring, med bakgrunn i fullmakter gitt av styret i selskapet. Kjøpet føreset vedtak i

kommunestyret i kvar kommune om kjøp av aksjar i selskapet. Etter gjennomført politisk vedtak vert kjøpsavtale og evt andre selskapsdokument signert av den som har fullmakt i den enkelte kommunen og av representantar frå Sogn Næring AS.

Det er ønskeleg med rask handsaming og gjennomføring av kjøpet, slik at den nye eigarstrukturen kan etablerast og vidare utviklingsarbeid kan gjennomførast med brei regional forankring. Det vert lagt opp til at kjøpet av aksjar er gjennomført i løpet av september 2026, føresett politisk handsaming og vedtak i kommunane innan denne tidsramma.

Framdriftsplan 2026

Tid	Aktivitet
Juni	Tilråding frå styret i Sogn KO
August-september	Politiske saker i kommunane om kjøp av eigardeler
August-oktober	Etablering av ny privat eigarstruktur i selskapet
November-desember	Eigarmøte, generalforsamling, aksjonæravtale i selskapet

Økonomiske konsekvensar

Lærdal kommune kjøper ein eigardel på 5 %, tilsvarande 50 aksjar i Sogn Næring. Aksjane har ein pålydande verdi, kr 1 000 per aksje, og kjøpesummen for Lærdal kommune er då kr 50 000.

Vurdering

Tilbodet om å kjøpe aksjar i Sogn Næring er i tråd med tilrådingane i rapportarbeidet og støttar opp om målet om å byggje ein sterkare og meir robust regional utviklingskapasitet. Med eit breiare eigarskap frå både kommunar og næringsliv kan selskapet få ei tydelegare regional forankring og eit betre grunnlag for å arbeide med omstilling, rekruttering, innovasjon og verdiskaping i heile Sogn.

For kommunane vil eigarskap kunne gi større innverknad på den strategiske retninga, samstundes som ein tek del i eit fagmiljø med kapasitet til å utvikle og gjennomføre prosjekt på tvers av kommunegrenser. Dette kan styrkje både næringsutviklinga og samarbeidet mellom kommunane i saker der utfordringane er felles.

Det er samstundes ein føresetnad at eigarskapen vert opplevd som reell og balansert, og at alle kommunane i regionen får høve til å vere med og påverke vidare utvikling. Dette er viktig for legitimiteten til selskapet og for at Sogn Næring skal kunne fungere som ein regional utviklingsaktør for heile Sogn, ikkje berre for einskilte delar av regionen.

Samstundes må det vere tydelege rammer mellom rolla som eigar og rolla som kunde dersom kommunane seinare skal kjøpe tenester frå selskapet. Dette krev gode prosedyrar for habilitet, innkjøp og oppfølging, slik at kommunen sine plikter etter regelverk og prinsipp for god forvaltning vert ivaretekne.

Med slike avklaringar vurderer kommunedirektøren at eit avgrensa eigarskap vil vere eit tenleg og framtidsretta grep for å styrkje den samla utviklingskrafta i regionen.